

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2017-2018

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2017 – april 2018

Styret i arbeidsåret 2017/2018

Anders Timberlid (leiar)

Ulrike Spring

Kjerstin Risnes

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær.

Iris Helene Kopperud har vore skulekontakt

Tilstellingar og aktivitet

Aktiviteten i HIFO, avd. Sogn og Fjordane har vore positiv det siste året. I samband med lanseringa av fylkessoga for Sogn og Fjordane 17. og 18. oktober fekk Hifo-medlemmer invitasjon til å vere med på dei tre arrangementa i Førdehuset, på Nordfjord Folkemuseum på Sandane og på Sogn Folkemuseum på Kaupanger. Størst aktivitet var dei opne film- og foredragskveldane som Pål Berg Svenungsen har arrangert. Her har Hifo vore med-arrangør.

25.01.18: Tema: Korstogene

22.02.18: Tema: Becket-striden i England

15.03.18: Tema. Jeanne D'arc

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt, og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen, radiointervju og skriving i lokalavisene i samband med større og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmene var i meldingsperioden med på større historiske arbeid som Fylkessoga for Sogn og Fjordane og historieverket om Florø.

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget fekk eit driftstilskot på kr. 5000 frå sentralt hald for 2014/2015. Elles har vi brukt av midlar som laget har på konto.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 17 medlemmer (pr. 2.3.2017).

Styrearbeid

Fleire i styret arbeider ved Høgskulen i Sogndal og har såleis dagleg kontakt om ulike saker. Om det har vore behov for kontakt utover det, har vi rådspurt dei andre i styret via e-post.

Sogndal, 16. april 2018

Anders Timberlid

Leiar